

Vedlegg 2 Tilleggsutgreiing barnehage- og skulebruksplan Suldal

Alternativsvurdering alternativ 5 og 6



Samandrag

Dette vedlegget viser alternativvurdering for Alternativ 5 og 6.

- Alternativ 5: (Nesflaten til Vinjar, Marvik til Sand og Jelsa til Stølane (saman med Erfjord).
- Alternativ 6: Marvik, Jelsa og Erfjord samlast i ein ny skule ved Tysingvatnet, Nesflaten overførast til Vinjar, og Sand vidareførast som 1–10-skule.

Alternativ 5 og 6 gir begge ein tydeleg strukturell gevinst samanlikna med dagens situasjon. Dei reduserer talet på skular, gir større og meir robuste fagmiljø, og betre tilgang på kompetanse og støttetjenester. Begge alternativene gir også meir føreseieleg drift og betre samsvar med framtidig elevtal.

Alternativ 5 (Nesflaten til Vinjar, Marvik til Sand, Jelsa til Stølane) gir to oppvekstsenter og ein større skule på Sand. Alternativet skårar høgt på kvalitet, kompetanse og drift, men inneber lengre reiseveg for fleire elevar og mogeleg svekking av nærmiljøfunksjonar i fleire bygder.

Alternativ 6 (ny skule ved Tysingvatnet) gir eit endå større skulefagleg miljø i sør. Alternativet gir jamn og framtidsretta bygningsstandard, men krev skyss for alle elevar i sør, gir lengre reiseveg for fleire enn alt. 5 og gjev usikker påverknad på nærmiljøfunksjonar i tre bygder.

Når ein samanliknar alternativa 0–6 samla, kjem Alternativ 4 framleis best ut totalt sett.

► Innhold

1	Innleiing	4
1.1	Samanhengar med nytt mandat	4
2	Tilråding frå utgreiinga 2025	5
3	Alternativa	6
4	Område, målsetjingar og moment i vurdering	7
5	Alternativsvurderingar Alternativ 5 og 6	9
5.1	Alternativ 5: Marvik til Sand, Nesflaten til Vinjar (oppvekstsenter), Jelsa til Stølane (oppvekstsenter saman med Erfjord)	9
5.2	Alternativ 6: Ny struktur med ny Tysingvatnet skule, oppvekstsenter på Vinjar og framhald 1-10 skule i sentrum	14
6	Oppsummering av alternativa 0-6	19

1 Innleiing

Dette vedlegget vurderer Alternativ 6, der Marvik, Jelsa og Erfjord samlast i ein ny skule ved Tysingvatnet, Nesflaten vert overført til Vinjar, og Sand vert vidareført som 1–10-skule. Vidare vurderer vi, på sjølvstendig grunnlag, kommunedirektøren sitt alternativ 5 i saksutgreiinga (Nesflaten til Vinjar, Marvik til Sand og Jelsa til Stølane (saman med Erfjord).

Vurderingane er kvalitative og samanliknar ikkje-prissette konsekvensar mot same kriterium som tidlegare alternativ (kvalitet, kapasitet, reiseveg, organisasjon, ressursutnytting og nærmiljø).

Til grunn for alternativsvurderingane for barnehage og skule i kunnskapsgrunnlaget frå 2025, låg føringane i prosjektmandatet. Alternativa 5 og 6 vert vurdert på same viset som alternativa i kunnskapsgrunnlaget frå 2025.

Alternativvurderingane byggjer på ei heilskapleg vurdering av moglege framtidige strukturløysingar for skule, der målet er å synleggjere konsekvensar av ulike grep før politisk val. Alternativa er utvikla med utgangspunkt i dagens situasjon (0-alternativet), supplert med både nullpluss-alternativ og fleire reelle strukturendringar som inneber samanslåing, nedlegging eller etablering av nye løysingar. Vurderingane tek utgangspunkt i same kunnskapsgrunnlag og føresetnader, og alternativa er samanlikna systematisk for å synleggjere skilnader og konsekvensar

1.1 Samanhengar med nytt mandat

Dette vedlegget viser ei samanlikning av alternativ 5 og 6 - mot alternativa 0-4 frå førre rapport (2025).

Tilleggsbestillinga har fokus på bærekraftmåla 4 og 11. Ein del av oppdraget er også å klargjere kva som er minimumskrav for at eit alternativ kan reknast som reelt, til dømes knytt til barns beste, læringsmiljø, kapasitet, kostnad, reiseveg og arbeidsmiljø. Resultata frå dette arbeidet er framstilt i hovudrapporten og handsama i eigne vedlegg.

Resultata frå denne og tidlegare alternativsvurderingar må sjåast i samanheng med vurderingane knytt til berekraft og reelle alternativ.

2 Tilråding frå utgreiinga 2025

I kunnskapsgrunnlaget frå 2025 vart Alternativ 4 vurdert som det mest føremålstenlege strukturalternativet for Suldal, ut frå kriteria som ligg til grunn. Alternativet oppnådde høg måloppnåing på flest område, og er også det einaste alternativet som ikkje fekk vurderingar under middels måloppnåing. Ei viktig årsak til at alternativet vart tilrådd, handla også om koplinga til strukturforslag 2 frå barnehage (2 reine barnehagar og 3 oppvekstsenter, med totalt 252 barnehageplassar fordelt på 13 avdelingar),

3 Alternativa

Alternativa 0-4 er like frå førre utgreiing. Alternativa 5 og 6 er dei nye alternativa som vert vurdert i dette vedlegget.

Alternativ
Alternativ 0: Dagens struktur og organisering
Alternativ 0+: Dagens struktur og organisering Ta att vedlikehaldsetterslep og oppgradere til god og framtidsetta standard.
For resten av alternativa ligg oppgraderte og opprusta anlegg som premiss
Alternativ 2: Legge ned 1 skule
<ul style="list-style-type: none">• Alternativ 2a: Nesflaten til Vinjar
<ul style="list-style-type: none">• Alternativ 2b: Jelsa (og Marvik) til Kjølvik
Alternativ 3: Legge ned 2 skular <ul style="list-style-type: none">• Nesflaten til Vinjar og Jelsa til Kjølvik (båt)
Alternativ 4: Legge ned 2 skular. Ny struktur med tre oppvekstsenter i distrikta (og framhald 1-10 skule i sentrum). <ul style="list-style-type: none">• Nesflaten til Vinjar.• Vinjar oppvekstsenter: eitt oppvekstsenter i dei to nabobygga på Vinjar. Organisatorisk endring• «Kjølvik» oppvekstsenter: Nytt bygg med samanslåing av Marvik skule, Jelsa skule og Kjølvikstølen bhg• «Stølane» oppvekstsenter: Nytt bygg med samanslåing av Erfjord skule og Stølane bhg.
Alternativ 5: Legge ned 3 skular <ul style="list-style-type: none">• Jelsa til Erfjord (Stølane oppvekstsenter)• Marvik til Sand• Nesflaten til Vinjar (oppvekstsenter)
Alternativ 6: Legge ned 4 skular og opprette 1 ny skule i sør, ved Tysingvatnet <ul style="list-style-type: none">• Nesflaten til Vinjar (Oppvekstsenter)• Framhald 1-10-skule på Sand• Erfjord, Marvik og Jelsa til Tysingvatnet

4 Område, målsetjingar og moment i vurdering

Område, målsetjingar og moment i vurdering er dei same som i rapporten frå 2025.

Alternativa er vurderte opp mot fleire hovudkriterium, mellom anna:

- robust opplæringstilbod med god kvalitet
- kapasitet, bygningsmessig eignaheit og langsiktig drift
- konsekvensar for elevar, tilsette og nærmiljø

Det er lagd vekt på å sjå kriteria i samanheng for å gi eit best mogleg grunnlag for samla avvegingar.






OMRÅDE OG MÅLSETJING	MOMENT I VURDERING
Helse, miljø og tryggleik	
Alternativet fremjar eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for elevar og tilsette i skule, barnehage og SFO.	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegg og uteområde • Inneklima. Lyd, lys, akustikk. Tilgang til lager. • Tryggleik: Helseverngodkjenning, t.d. fare for fall, brannvernanlegg osv. • Pandemi
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<ul style="list-style-type: none"> • Rasfare og standard vegar • Trafikksituasjon: parkering, varelevering og renovasjon, «kyss og køyr», trygg av-på-stigning
Alternativet gir akseptabel reisetid for barn og elevar.	<ul style="list-style-type: none"> • Reisetid etter fylkeskommunale føringar
Barn; Likeverd, leik, læring og venskap. Læringsmiljø	
Alternativet tilfredsstillar krav til godt, inkluderande og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<ul style="list-style-type: none"> • «Suldal-standard» skal ligge til grunn (forankra i prosjektgruppa) <ul style="list-style-type: none"> ○ Universell tilgjenge både for born og vaksne. ○ Generelle læringsareal. ○ Spesialrom til praktisk-estetiske fag og tema; Rom som fremjar praktisk undervisning.
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.	<ul style="list-style-type: none"> • «Suldal-standard» skal ligge til grunn (forankra i prosjektgruppa) <ul style="list-style-type: none"> ○ Universell utforming og tilgjenge, t.d. funksjonell heis ○ Grupperom tilpassa ulike pedagogiske og fysiske behov, samt variasjon i undervisning. Inkluderande skjerming og ulike leike- og læringsmiljø ○ Rom tilrettelagt for barn med funksjonsnedsetjingar, t.d. stellerom og kvilerom
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Sosialt miljø / skulemiljø: elevtal, mangfald og ulikskap ... • Opplæringsmiljø

Organisasjon; Attraksjon, samarbeid og kompetanse. Utvikling og kvalitet	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> • Attraktivitet. • Lovkrav for undervisning og tilsetjing ... • Ny lærarutdanning: Master og spesialisering • Alternativet sikrar lovpålagt tilgang på kompetanse for alle barn og elevar
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg storleik på profesjonsfellesskapet • Kvalitetssikring. Komplementære dugleikar. • Lokale som fremjar samhandling
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<ul style="list-style-type: none"> • Leiing vs. administrasjon • Kompleksitet og skjønnsutøving • Leiarteam (UDIR sine forventningar) <ul style="list-style-type: none"> ◦ Distribuert leiing, komplementære dugleikar • Rekruttering • Kapasitet og kompetanse.
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, helsetenesta, BVT m.fl.)	<ul style="list-style-type: none"> • Kapasitet: Tidsaspektet frå melding om behov til hjelp/utgreiing/observasjon. Normer for ressurs helsesjukepleiar • Kvalitet: Forventningsavklaringar, planar og prosedyrar
Ressursutnytting; Kapasitet og effektiv drift	
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Suldal kommune	<ul style="list-style-type: none"> • God ressursutnytting • Over- og underkapasitet • Investeringsbehov • Kopling mot prognosar og utbyggingsplanar • Soliditet: struktur som kan stå seg over tid
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<ul style="list-style-type: none"> • Effektiv arealutnytting i høve til brukarar, inne og uteareal. • Energieffektivisering og berekraft • Vedlikehald og reinhald • Avstand og effektivitet • Fleksibilitet i bygg • Vurdering av (forventa) levetid på bygg og tekniske anlegg. Bygg må stå seg i framtida, fleirbruk
Alternativet legg til rette for ressursutnytting på tvers av einingane.	<ul style="list-style-type: none"> • FLYT – jobba meir effektivt i organisasjonen
Nærmiljø og sentrumsutvikling	
Alternativet fremjar gode nærmiljø og ønska sentrumsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen og barnehagen som nærmiljøanlegg: Bruk av bygg, dagtid og kveldstid (idrettslag, lag og foreiningar osv.). • Samarbeid med frivilligheita. • Andre anlegg i bygda / nærmiljøet • Føreseielegheit og soliditet

5 Alternativsvurderinger Alternativ 5 og 6

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av strukturalternativa 5 og 6 for skule

Grad av måloppnåing vert vurdert etter denne skalaen

Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

5.1 Alternativ 5: Marvik til Sand, Nesflaten til Vinjar (oppvekstsenter), Jelsa til Stølane (oppvekstsenter saman med Erfjord)

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av endra skulestruktur med oppvekstsenter på Vinjar, framhald 1–10-skule på Sand og oppvekstsenter på Stølane i sør.

Nesflaten vert overført til Vinjar og inngår i etableringa av Vinjar oppvekstsenter saman med barnehage, som ei organisatorisk samling i eksisterande bygg.

Jelsa vert overført til Stølane, der det vert etablert oppvekstsenter saman med Erfjord. Marvik vert overført til Sand skule.

Alternativet medfører totalt 3 skular: Vinjar (oppvekstsenter), Sand og Stølane (oppvekstsenter).

OMRÅDE OG MÅLSETJING	MOMENT I VURDERING	VURDERING
Helse, miljø og tryggleik		
Alternativet fremjar eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for elevar og tilsette i skule, barnehage og SFO	Nytt oppvekstsenter vert etablert på Stølane, medan tre eldre skulebygg vert avvikla. Vinjar og Sand skular og barnehagar får naudsynte bygningsmessige tiltak. Etterbruk av dei avvikla anlegga må handsamast i eiga sak. Større arbeids- og læringsmiljø gir nye moglegheiter, men krev god ivaretaking av både tilsette og elevar i overgangsfasen. Færre einingar og oppgradering av bygg gir betre føresetnader for å sikre forsvarlege og likeverdige fysiske arbeidsmiljø. Dette svarar på dokumenterte utfordringar knytt til vedlikehald og varierende standard i dagens struktur, og sikrar gode fysiske føresetnadar med tanke på lyd, lys og akustikk. Tilgang på hjelpetenester og kompetanse kan verte mykje betre. Kommunen vil i langt større grad ha høve til å følge	

	<p>opp krav om risikovurderingar, planar, godkjenningar, kontrollar og anna, både av rutinar og bygg. Endringsprosessar og større miljø kan vere positive for nokre, men krev systematisk oppfølging for andre. Samla sett gir alternativet betre strukturelle føresetnader. Løysinga er robust og framtidretta.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<p>Føreslått løysing inneber at deler av elevmassen på Nesflaten og Jelsa som i dag kan gå og sykle til skulen vil måtte ta buss. Nær alle elevane i Marvik tek i dag buss til skulen grunna avstand og farleg veg. Samstundes vil nybygg på Stølane gje fleire i Erfjord-området moglegheit til å gå og sykla til skulen enn i dag. Eit nytt oppvekstsenter på Stølane vil gje 38 born i Erfjord-området 2 kilometer eller mindre til skulen, mot 7 elevar i dag. I sum vil dette gjere at fleire kan sykla eller gå til skulen enn i dag.</p> <p>Fleire elevar frå Nesflaten får skyss på ein strekning med fare for steinsprang. Det same gjeld Ropeidhalvøya fram til ny tunnel i Rødsliane er ferdig.</p> <p>Fleire elevar får lengre reiseveg og blir avhengige av skyss. Dette aukar samla eksponering for trafikk og gjer kvardagen mindre føreseieleg for elevar og familiar.</p> <p>Nokså lav måloppnåing.</p>	
Alternativet gir akseptabel reisetid for barn og elevar	<p>Elevar frå Nesflaten, Jelsa og Marvik får lenger skuleveg. Sand og Vinjar som i dag, medan Erfjord får ulike utslag. Nokre kan gå til skule og får kortare veg, andre får nokre minutt meir i buss enn i dag.</p> <p>Reisetida aukar for fleire elevgrupper, særleg frå Nesflaten og Marvik (Ropeidhalvøya).</p> <p>Nokre elevar vil framleis ha akseptabel reisetid, men for delar av elevane vil reisetida bli vesentleg lengre enn i dagens struktur. Kunnskapsgrunnlaget peikar på at transport og logistikk kan vere ei belastning i kvardagen, særleg for dei yngste elevane. Alternativet gir ulik belastning på tvers av kommunen.</p> <p>Lav måloppnåing.</p>	
Barn; Likeverd, leik, læring og venskap. Læringsmiljø		
Alternativet tilfredsstillar krav til godt, inkluderande og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<p>Elevane frå Nesflaten vil møte godt tilpassa lokale på Vinjar. Elevane frå Marvik vil møte gode lokale på Sand skule. Elevane frå Jelsa og Erfjord vil få nytt skulebygg etter framtidretta standard. Oppgradering og samling i færre bygg gir betre og meir likeverdige fysiske læringsmiljø. Dette styrkar tilgangen på fleksible areal og spesialrom.</p> <p>Høg måloppnåing</p>	

<p>Alternativet tilfredsstillende krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn</p>	<p>Større einingar gir betre føresetnader for variert undervisning og tilrettelegging for ulike behov. Samstundes vil større miljø stille høgare krav til organisering, differensiering og oppfølging.</p> <p>Høg måloppnåing</p>	
<p>Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar</p>	<p>Eleventalet på Nesflaten, Jelsa og i Marvik er lågt, med få elevar på kvart årstrinn. Nokre opplever dette som trygt og utviklande, medan andre manglar jamaldringar og vener. Støttetenestene peikar på at små miljø kan vere sårbare, og nokre elevar går gjennom heile barneskulen utan vener. Overgangen til ungdomsskolen blir særleg stor frå slike små skular. Alternativet gir større elevmiljø, betre overgangar til ungdomsskolen og enklare tilgang til helsesjukepleiar og andre støttetenester. Større elevmiljø gir betre sosial robustheit og fleire relasjonsmoglegheiter enn svært små einingar. Samstundes vil bortfall av nærskule og lengre avstand til kvardagsarena kunne påverke tilhøyrslø og identitet for enkelte elevar. Effekten vil variere, og føreset aktiv oppfølging.</p> <p>Middels måloppnåing.</p>	
<p>Organisasjon; Attraksjon, samarbeid og kompetanse. Utvikling og kvalitet</p>		
<p>Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse</p>	<p>Ved å fordele kompetansen ein alt har på færre einingar vil ein automatisk oppnå høgare grad av lovpålagd kompetanse. Nye bygg og større fagmiljø gjer skulane meir attraktive. Større og meir robuste einingar gir betre grunnlag for rekruttering og stabil tilgang på kompetanse. Dette svarar direkte på rekrutteringsutfordringane som er dokumentert i kunnskapsgrunnlaget.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
<p>Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap</p>	<p>Samanslåing i oppvekstsenter legg til rette for større fagmiljø med breiare og komplementær kompetanse. Tettare samarbeid med barnehagepedagogar kan gi lærarar verdifull innsikt, mellom anna i leik, utviklingspedagogikk, observasjon og systematisk dokumentasjon. Dette opnar for eit meir samanhengande arbeid med overgangane mellom barnehage og skule, og gir grunnlag for å utvikle eit felles profesjonsfellesskap. Slik kan ein òg setje tydelege, felles mål om å vidareutvikle oppvekstsenteret som ei organisatorisk form med høg kvalitet for både barn og elevar.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
<p>Alternativet fremjar robuste leiarteam</p>	<p>Færre og større einingar gir betre grunnlag for delt og robust leiing, noko som er peika på som ein sentral utfordring i dagens struktur. Samanslåing i oppvekstsenter vil føre til leiarteam i alle einingane innafor skule. Dette vil gjere det meir robust,</p>	

	<p>attraktivt og med høve for å dekke inn ønska behov for kompetanse og dugleikar.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, helsetenesta, BVT m.fl.)	<p>Færre einingar gir betre føresetnader for oppfølging og samarbeid enn i ein fragmentert struktur. Fleire av referansekommunane melder om gode erfaringar og betre grunnlag for samarbeid med færre og større einingar. Støttetenestene vil likevel måtte fordele seg på fleire små einingar i denne strukturen, fordi det framleis vil vere fleire små barnehagar i kommunen.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
Ressursutnytting; Kapasitet og effektiv drift		
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Suldal kommune	<p>Reduksjon i talet på einingar gir betre samsvar med framtidig elevtal og reduserer overkapasitet i bygningsmassen. Alternativet gir ein meir berekraftig struktur enn dagens.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<p>Alternativet reduserer talet på anlegg. Gamle bygg vert fasa ut og erstatta av nye. Færre bygg gir enklare drift, mindre vedlikehald, reinhald, oppvarming og oppgradering. Færre bygg gir lågare drifts- og vedlikehaldskostnader og betre oversikt over bygningsmassen. Dette er ein klar strukturell gevinst.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet legg til rette for ressursutnytting på tvers av einingane	<p>Alternativet gir tre færre einingar og meir geografisk samla skule- og barnehagemasse. Dette gjer samarbeid, deling av stillingar og kompetanse enklare, og gir kommunen større handlingsrom for betre ressursutnytting mellom barnehage, skule og støttetenester.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
Nærmiljø og sentrumsutvikling		
Alternativet fremjar gode nærmiljø og ønska sentrumsutvikling	<p>Kommuneplanen legg vekt på busetjing og trivsel i heile Suldal, med levande grender og eit sterkt sentrum på Sand. Målet er eit variert og inkluderande samfunn som er attraktivt for både innbyggjarar og tilflyttarar. Skulane kan spele ei viktig rolle, men forskinga gir ikkje eintydige svar på kva som veg tyngst av nærleik, storleik og kvalitet.</p> <p>Alternativet inneber at Marvik skule blir flytta til Sand, Jelsa til Erfjord og Nesflaten til Vinjar. For mange er det knytt sterke kjensler til barnehage og skule, med omsyn til identitet og uro for endring. Det blir uttrykt bekymring for køyreavstand og rasfare. Tilgang til skuleanlegg for lag og foreiningar kan bli redusert, sjølv om det finst alternative lokale. Skulane blir opplevde som viktige for aktivitet og samhald. Tilsette peikar både på styrkar og svakheiter ved dagens struktur, og ser</p>	

	<p>både fordelar og ulemper med færre skular. Kommunen må sjåast som éin arbeidsmarknad, og det er uklart i kva grad skulenedlegging påverkar rekruttering og næringsutvikling. Alternativet framstår som meir robust og føreseieleg.</p> <p>Skule er ein kommunal teneste som krev tilstrekkeleg elevgrunnlag og berekraftig drift. Elevtalet er lågt, og det må vurderast om drift på alle lokasjonar er forsvarleg. Forsking viser ikkje at skulenedlegging åleine fører til bygdedød, men ho kan forsterke nedgang i folketal. Nokre fryktar redusert attraktivitet, medan andre meiner større skular kan vere meir attraktive. Referansekommunar rapporterer ikkje om negative konsekvensar. Samla sett vil opplevinga variere med bustad, verdiar og prioriteringar.</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget viser at skulen kan ha viktig funksjon for kvardagsliv, aktivitet og lokal identitet. Samling kan styrkje enkelte senter, men gir samla sett negative konsekvensar for fleire lokalsamfunn.</p> <p>Nokså lav måloppnåing</p>	
--	---	--

Overordna funn Alternativ 5 – ikkje-prissette konsekvensar

Alternativet gir eit tydeleg strukturelt løft samanlikna med dagens situasjon, særleg når det gjeld kvalitet, kompetanse, drift og ressursutnytting. Det reduserer sårbarheita som ligg i mange små einingar og gir betre føresetnader for å sikre eit likeverdig opplæringstilbod over tid.

Samstundes inneber alternativet klare avvegingar. Auka reiseveg, meir transport og bortfall av lokale skular gir reelle konsekvensar for kvardagsliv og lokalsamfunn.

Alternativet medfører ein strukturell utfordring knytt til at det framleis vert mindre barnehageeiningar i sør.

Alternativet gir god måloppnåing på kvalitet, kapasitet og drift, men meir avgrensa måloppnåing på nærmiljø, reiseveg og samla strukturutvikling innan oppvekstsektoren samla.

5.2 Alternativ 6: Ny struktur med ny Tysingvatnet skule, oppvekstsenter på Vinjar og framhald 1-10 skule i sentrum

Vi vil i dette kapittelet gjere ei vurdering av endra skulestruktur med oppvekstsenter på Vinjar, framhald 1-10 skule på Sand og ny skule i sør: Tysingvatnet.

Nesflaten vert overført til Vinjar og etablering av Vinjar oppvekstsenter saman med bhg: eitt oppvekstsenter i dei to nabobygga på Vinjar (Organisatorisk endring).

Tysingvatnet: Erstattar dagens skular i Marvik, Jelsa og Erfjord. (Barnehagane i sør består)

OMRÅDE OG MÅLSETJING	MOMENT I VURDERING	VURDERING
Helse, miljø og tryggleik		
<p>Alternativet fremjar eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for elevar og tilsette i skule, barnehage og SFO.</p>	<p>Nytt bygg vert etablert ved Tysingvatnet sør i kommunen.</p> <p>Tre eldre skular (Marvik, Jelsa og Erfjord) vert avvikla som skulebygg (i tillegg til at Nesflaten vert lagt ned).</p> <p>Bygningsmessige tiltak tilsvarande 0+ vert gjennomført for Vinjar og Sand (samt for barnehagar som ikkje vert lagt ned eller vert del av oppvekstsenter).</p> <p>Etterbruk av avvikla anlegg må vurderast i eiga sak.</p> <p>Tilsette ved Vinjar oppvekstsenter, Tysingvatnet og Sand 1-10 vil få høve til å jobbe i større arbeidsmiljø. Dette kan vere helsefremjande for nokre, og krevjande for andre. Det blir tilrådd god ivaretaking etter arbeidsmiljølova av alle arbeidstakarar i dei tilfella der det er aktuelt med endra arbeidsstad.</p> <p>Ein vil i svært stor grad få høve til å etablere ny kultur saman ved dei nye skulane. Dette kan vere positivt og fremje vellukka samanslåingsprosess. Ein lyt likevel jobbe aktivt, medvite og opent med ivaretaking og inkludering.</p> <p>Elevane vil på same måte få eit større klasse- og skulemiljø. Endring kan vere krevjande for nokre, og berikande for mange. Elevane vil kunne trenge ivaretaking og oppfølging i overgangen. Forsking tyder på at elevar handterer slike overgangar på ein god måte.</p> <p>Tilgang på hjelpetjenester og kompetanse kan verte mykje betre. Kommunen vil i langt større grad ha høve til å følgje opp krav om risikovurderingar, planar, godkjenningar, kontrollar og anna, både av rutinar og bygg.</p>	

	<p>Vi vurderer alternativet som robust og framtidretta. Dette kan gjere at ein unngår stadige debattar kring struktur og nedlegging, noko som i seg sjølv kan vere trygt og helsefremjande både for elevar og tilsette</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	<p>Endringa frå alternativ 4 er at <i>alle</i> elevane som i dag går ved Jelsa, Marvik og Erfjord må ha skuleskyss til Tysingvatnet.</p> <p>Endringane fører i det store biletet til at 30 fleire elevar i kommunen enn i dag må ha skyss til skulen (Nesflaten: ca. 6, Erfjord: ca. 5, Jelsa: ca. 15, Marvik: 5). Dette er ca. 50 fleire elevar enn i alternativ 4. Dermed vert fleire elevar eksponert for fare i trafikken.</p> <p>Ingen endringar for Sand og Vinjar.</p> <p>Nokså lav måloppnåing</p>	
Alternativet gir akseptabel reisetid for barn og elevar.	<p>Elevar frå Nesflaten, Jelsa, Erfjord og Marvik får lenger reiseveg. Men reisetida er i det store biletet innafor det mange fylkeskommunar reknar som akseptabel tid.</p> <p>Middels måloppnåing</p>	
Barn; Likeverd, leik, læring og venskap. Læringsmiljø		
Alternativet tilfredsstillar krav til godt, inkluderande og framtidretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	<p>Elevane frå Jelsa, Erfjord og Marvik vil møte godt og framtidretta fysisk læringsmiljø i ny skule ved Tysingvatnet.</p> <p>Elevane frå Nesflaten vil møte tilpassa lokale på Vinjar, likt som 2a.</p> <p>Det er jamt over å forvente at heilt nye skular i endå større grad enn ombygde skular vert tilpassa dagens krav og forventingar.</p> <p>Standarden på skulebygg vil vere endå jamnare og meir likeverdig i kommunen.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.	<p>Det er jamt over å forvente at heilt nye skular i endå større grad enn ombygde skular vert tilpassa dagens krav og forventingar.</p> <p>Standarden på skulebygg vil vere endå jamnare og meir likeverdig i kommunen.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	<p>Ein vil få tre skular i kommunen, alle med ca. 100 eller fleire elevar. Dette gjev klasse miljø på i snitt 14-15 elevar</p>	

	<p>eller fleire. Sannsynet aukar for at ein finn nokon ein trivest saman med i klassen.</p> <p>Middels måloppnåing</p>	
Organisasjon; Attraksjon, samarbeid og kompetanse. Utvikling og kvalitet		
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	<p>Det er krevjande å rekruttere lovpålagd kompetanse til små skular i distrikts-Noreg, og for kommunen som heilskap har det vorte stadig fleire tilsette lærarar utan godkjent kompetanse for tilsetjing siste åra.</p> <p>Alternativet vil i stor grad kunne ta ned delen ufaglærte på dagens Nesflaten, Jelsa, Erfjord Marvik, og dermed i kommunen som heilskap.</p> <p>Vi vurderer det som lettare for større skular å rekruttere nye tilsette, og nytt bygg ved Tysingvatnet med fleire tilsette kan vere meir attraktivt enn dagens struktur. Relativt kort køyreavstand frå kommunesenteret Sand kan også tenkast å bidra positivt til rekruttering til ny skule i sør.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	<p>I høve alternativ 4, mister ein vinstane ved å samle lærarar og barnehagelærarar ved fleire oppvekstsenter.</p> <p>Samanslåing av tre skular i sør til ein større skule med over 100 elevar vil likevel generere eit større kollegium med mellom 10 og 15 tilsette (lærarar, fagarbeidarar, leiing) ved skulen.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar robuste leiarteam	<p>Leiing åleine er svært sårbart med tanke på krevjande skjønsmessige vurderingar, fråvær, erfaringsutveksling og kontinuitet. Leiing vert utøvd av personar, men på eit systemisk nivå er det sårbart dersom leiinga i for stor grad vert personavhengig.</p> <p>Forsking og nasjonale styringsdokument tilrår delt og distribuert leiing mellom leiarar med formelt leiaransvar. Samanslåing til større einingar vil gje høve til å etablere leiarteam i alle einingane innafor skule. Dette kan gjere det meir robust, attraktivt og med høve for å dekke inn ønska behov for kompetanse og dugleikar.</p> <p>Nokså høg måloppnåing</p>	
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, helsetenesta, BVT m.fl.)	<p>Støttetenestene vil få færre einingar å forhalde seg til enn i dagens situasjon. Færre einingar vil gi mindre spreiding av ressursar og færre kollegium og leiarar å forhalde seg til for skulehelsetenesta, PPT og barnevern. Ein mistar</p>	

	<p>likevel noko av synergieffekten ein kunne få ved å samle skular og barnehagar i oppvekstsenter.</p> <p>Fleire av referansekommunane melder om gode erfaringar og betre grunnlag for samarbeid med færre og større einingar.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
Ressursutnytting; Kapasitet og effektiv drift		
Alternativet er tilpassa forventna framtidig barne-, elev- og klassetal i Suldal kommune	<p>Alternativet gjev tilstrekkeleg kapasitet til framtidig elevtal, i høve prognosane.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	<p>Alternativet reduserer tal anlegg. Gamle anlegg vert fasa ut og erstatta av nye bygg.</p> <p>Bygningsdrifta vil vere fordelt på færre bygg.</p> <p>Det blir færre bygg å ha oversikt over, vedlikehalde, reingjere, varme opp og oppgradere. Ein får likevel ikkje same synergieffekt bygningsmessig som i alternativ 4, med tanke på barnehage.</p> <p>Høg måloppnåing.</p>	
Alternativet legg til rette for ressursutnytting på tvers av einingane.	<p>Alternativet gjev færre einingar, og samla sett meir geografisk konsentrert skulemasse. Logistisk vil det vere lettare å tenke samarbeid og deling av stillingar og kompetanse. Ein får likevel ikkje dei same synergieffektane mellom barnehage og skule som alternativ 4.</p> <p>Nokså høg måloppnåing.</p>	
Nærmiljø og sentrumsutvikling		
Alternativet fremjar gode nærmiljø og ønska sentrumsutvikling	<p>Alternativet medfører at ein planlegg skule ein stad utan busetnad og andre tenestetilbod i dag. Dette er uvanleg i kommunal og regional planlegging, og i strid med hovudprinsippa i nasjonal politikk Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet - Lovdata.</p> <p>Nasjonale og regoinale føringar for arealplanlegging legg til grunn at ny utbygging i hovudsak skal skje gjennom fortetting og transformasjon i eksisterande byggesoner. Statlege planretningslinjer understrekar at ein skal byggje på allereie utbygde areal og vurdere dette før nye område blir tekne i bruk. Lokalisering av tenester og arbeidsplassar skal støtte opp under eksisterande tettstader og redusere transportbehovet. Å etablere nye utbyggingsområde utanfor eksisterande busetnad bryt med desse hovudprinsippa, og krev særleg grunngjeving opp mot omsyn til berekraft, arealbruk og transport.</p>	

	<p>Samstundes har kommunen avsett areal til tenesteføremål ved Tysingvatnet i arealplanen.</p> <p>Lokaliseringa av skule ved Tysingvatnet styrkar ikkje ønska sentrumsutvikling (Sand), og bidrar heller ikkje til styrking av lokaltilbodet i einsskilde bygder og nærmiljø i sør. Samstundes kan ei etablering av ny felles skule føre til eit større fellesskap på tvers av Erfjord, Jelsa og busetnaden på Ropeidhalvøya. Dette kan generere nye moglegheiter for samhandling mellom menneske og organisasjonar, og slik bidra positivt på bulyst og attraksjon.</p> <p>Det heftar stor usikkerheit ved effektane av tiltaket samla for bygdene i sør.</p> <p>Nokså låg måloppnåing.</p>	
--	---	--

Overordna funn Alternativ 6 – ikkje-prissette konsekvensar

Alternativet gir eit moderne og framtidretta skulebygg i sør, og kommunen får samla tre små og sårbare fagmiljø til eitt større. Dette styrkjer tilgang på kompetanse og kan gjere det lettare å rekruttere kvalifiserte lærarar. Elevane får større klassemiljø og meir robuste læringsfellesskap. Samstundes vert fleire gamle og lite eigna skulebygg tekne ut av drift, noko som gir betre HMS-standard og meir føreseieleg bygningsdrift.

Ulempene er særleg knytte til reiseveg: fleire elevar enn i dag må ha skyss, ingen kan gå eller sykle, fleire vert eksponerte for trafikkfare. Lokaliseringa ved Tysingvatnet ligg utan eksisterande busetnad eller tenester, og bryt med nasjonale føringar om fortetting og utvikling av etablerte tettstader. Alternativet gir difor ikkje same bidrag til lokalsamfunnsutvikling som oppvekstsenterløysingar, men kan likevel skape eit nytt felles miljø på tvers av bygdene i sør.

Samla sett framstår alternativet som robust og framtidretta når det gjeld kvalitet, kompetanse og bygningsdrift, men med svakare måloppnåing på nærmiljø, tryggleik og berekraftig arealbruk.

6 Oppsummering av alternativa 0-6

Tabellen viser oppsummering av skår på alternativsvurderingane av alternativ 0-6. Alternativa 0-4 er skåra i kunnskapsgrunlaget for 2025.

Alternativ	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
MÅLSETJING								
Helse, miljø og tryggleik								
Alternativet fremjar eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for elevar og tilsette i skule, barnehage og SFO.	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet gir akseptabel reisetid for barn og elevar.	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Barn; Likeverd, leik, læring og venskap. Læringsmiljø								
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Organisasjon; Attraksjon, samarbeid og kompetanse. Utvikling og kvalitet								
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet fremjar robuste leiarteam	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, helsetenesta, BVT m.fl.)	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Ressursutnytting; Kapasitet og effektiv drift								
Alternativet er tilpassa forventna framtidig barne-, elev- og klassetal i Suldal kommune	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Alternativet legg til rette for ressursutnytting på tvers av einingane.	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
Nærmiljø og sentrumsutvikling								
Alternativet fremjar gode nærmiljø og ønska sentrumsutvikling	0	0+	2a	2b	3	4	5	6

Den samla skåringa viser at berre alternativa 3, 4, 5 og 6 oppfyller mål om ein meir forsvarleg og berekraftig skulestruktur. Alternativ 4 kjem best ut totalt, med høg måloppnåing på dei fleste område. Alternativ 3 ligg tett bak. Alternativ 5 og 6 er fagleg gode, men har svakare måloppnåing på mellom anna tryggleik, reiseveg og nærmiljø/sentrumsutvikling. Alternativ 0, 0+, 2a og 2b fell klart gjennom og er ikkje berekraftige som framtidige strukturalternativ.